

ABP FJERNVARME DRIFT AS
Storemyra 162
5954 MONGSTAD

Vår dato: 06.02.2025

Vår ref.: 202224815-35 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Oversendingsbrev om endra fjernvarmekonsesjon

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har i dag tildelt ABP Fjernvarme Drift AS (ABP) endra konsesjon for eit fjernvarmeanlegg på Mongstad i Alver kommune i Vestland fylke. Løyvet inneber i hovudsak at ABP kan endre varmekjelde i fjernvarmeanlegget frå overskotsvarme til sjøvassvarmepumper.

Søknaden

I vedtak av 29.03.2023 tildelte NVE ABP konsesjon for eit fjernvarmeanlegg med installert effekt på 115 MW. NVE endra konsesjonen 07.12.2023 og gav løyve til mindre endringar i konsesjonsområdet.

ABP Fjernvarme Drift AS søker i brev av 28.10.2024 om endringar i anlegget og i tilhøyrande konsesjonsområde. Den viktigaste endringa er at produksjonstekniske installasjonar i varmesentral er søkt erstatta frå varmeveksling til sjøvassvarmepumper. Endringa medfører at det ikkje lengre er behov for å etablere varmesentral og tilhøyrande tunneltrasé til prosessanlegg, og konsesjonsområdet er dermed søkt ytterlegare innskrenka. Samla effekt i fjernvarmeanlegget er søkt justert til 65 MW.

ABP grunnar endringane i at opphavleg løysing basert på overskotsvarme frå prosessindustri ikkje lengre lar seg realisere då Equinor har trekt seg frå prosjektet.

I søknaden skisserer ABP at dei i ein fase 2 vil ta i bruk termisk overskot frå eit biogassanlegg knytt til eit framtidig landbasert oppdrettsanlegg. I e-post av 25.11.2024 skriv ABP at nødvendige endringar i fjernvarmeanlegget for å tillate dette vil bli søkt om ved eit seinare høve.

Behandlinga til NVE og høyringsfråsegn

Søknaden blei sendt på høyring i brev av 25.11.2024, med frist for merknader sett til 06.01.2025.

NVE tok imot tre høyringsfråsegn. Alle høyringsfråsegn og saksdokument kan i sin heilskap hentast frå einnsyn.no under saksnummer [2022/24815](#).



Vurderingane til NVE

Endring i produksjonstekniske installasjonar

ABP har i tidlegare søknad lagt fram kundegrunnlag med effektbehov og opplyst at varme til byggmassen innanfor konsesjonsområdet i stor grad baserer seg på elektrisk vassboren varme. ABP har i søknaden levert ein forenkla samfunnsøkonomisk berekning av prosjektet.

Vi konstaterer at anlegget er vurdert til å vere lønnsamt av ABP. NVE vurderer føresetnadane ABP har nytta i berekninga til å vere fornuftige.

NVE ser at den mest vesentlege endringa i fjernvarmeanlegget er endring av varmeopptak frå spillvarme med varmeveksling til sjøvassvarmepumper. Sjøvassvarmepumpe krev etablering av sjøvassleidning til fjorden med inntak og utløp av vatn. Det kjem fram i søknaden at det skal hentast og sleppast ut sjøvattn frå høvesvis 50 og 10 meter. NVE legg til grunn vurderingane om at den nye løysinga ikkje vil ha vesentlege verknader for marint liv. Vi understrekar likevel at vårt vedtak ikkje gir løyve etter forureiningslova, og dette må eventuelt bli nærare vurdert gjennom søknad til ansvarlege styresmakter.

NVE understrekar at fjernvarmeanlegget skal etablerast i eit utprega industriområde. Vi kan ikkje sjå at anlegget vil føre til vesentlege verknader for miljø og samfunn.

NVE legg til grunn at den opphavlege planlagde løysinga med bruk av overskotsvarme ikkje kunne realiserast. Etter vår vurdering er det rasjonelt å erstatte dagens elektriske oppvarming av byggmasse innanfor konsesjonsområdet med eit fjernvarmesystem basert på sjøvassvarmepumper.

Reduksjon av konsesjonsområdet

For områda som er søkt fjerna frå konsesjonsområdet, har ABP forklart at desse områda ikkje vil vere relevante å ha med i konsesjonsområdet ettersom opphavleg løysing med bruk av overskotsvarme ikkje lengre er aktuelt å realisere. Reduksjon av konsesjonsområde der det ikkje er relevant med leveranse, produksjon eller overføring av varme er i tråd med NVE sin praksis.

Andre forhold

Kunnskapsgrunnlaget om naturmangfald, jf. naturmangfaldlova § 8, er vurdert til å vere tilstrekkeleg. NVE vurderer at tiltaket ikkje vil ha verknader for vesentlege naturverdiar. Det er ein liten usikkerheit om verknader for marint liv, men moglege verknader vil eventuelt bli vurdert hjå behandling av andre styresmakter. Det har derfor ikkje vore behov for å vurdere § 9 om føre-var-prinsippet. Ettersom tiltaket ikkje er vurdert til å ha vesentlege verknader, er det ikkje relevant å vurdere § 10 om samla belastning. §§ 11 og 12 om kostnadsdekning og miljøforsvarlege teknikkar er gjeldande for utbygginga.

NVE minner om at dersom tiltakshavar i samband med arbeidet støyter på moglege kulturminne skal arbeidet avsluttast og temaet avklarast med kulturminnestyresmaktene i tråd med konsesjonsvilkår og føresegnene i kulturminnelova.



Anlegg som er konsesjonsbehandla etter energilova er fritatt kommunal byggesaksbehandling, jf. SAK10 § 4-3. Krava i plan- og bygninglova (pbl) §§ 29-5, 29-7 og TEK17, herunder kap. 7 om sikkerheit mot naturpåkjenningar gjeld likevel for tiltak som er behandla etter energilova. Det følger av pbl. § 29-5 at eitkvart tiltak skal bli prosjektert og utført slik at det ferdige tiltaket oppfyller krav til sikkerheit, helse, miljø og energi, og slik at vern av liv og materielle verdiar er varetatt. NVE konstaterer at det er tiltakshavar sitt ansvar å sørge for at både anlegget og tredjepart er sikra mot naturfare etter TEK 17. Dette gjeld både for varmesentralar og fjernvarmenett. For kvikkleire gjeld også krav gitt i NVE sin [veileder 1/2019 «Sikkerhet mot kvikkleireskred»¹](#).

Om vedtaket til NVE

NVE konstaterer at ingen høyringspartar har fremja innvendingar til endringane.

Med bakgrunn i søknaden, høyringsfråsegn og eigne vurderingar gir NVE endra fjernvarmekonsesjon til ABP Fjernvarme Drift AS. Løyyet inneber at produksjonstekniske installasjonar endrast til sjøvassvarmepumper, biooljekjel og elkjel med samla installert effekt 65 MW. Vidare er konsesjonsområdet innskrenka og varmesentral ved Vestprosess tatt ut av konsesjonen.

Konsesjonen med kartvedlegg er lagt ved dette brevet, og kan bli lasta ned på NVE sitt nettsted for denne saka: www.nve.no/12990/A7.

Avgjerda til NVE kan klagast på til Olje- og energidepartementet av partar i saka og andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå det tidspunktet denne underretninga er komen fram, jf. forvaltningslova kapittel VI. Sjå siste side i dette dokumentet for nærmare beskriving av klageåtgang.

NVE pålegg hermed ABP Fjernvarme Drift AS om å underrette aktuelle grunneigarar og rettshavarar om løyyet. Underretninga skal etter forvaltningslova gi opplysningar om klageåtgang, klagefrist og retten til å sjå dokumenta i saka. Kopi av underretninga skal sendast til NVE.

Med helsing

Ann Myhrer Østenby
seksjonssjef

Jo Arne Marvik
rådgivar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar

Mottakarliste:

ABP FJERNVARME DRIFT AS

¹ https://publikasjoner.nve.no/veileder/2019/veileder2019_01.pdf

**Kopimottakarliste:**

Austrheim kommune

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) - Region Vest

MILJØDIREKTORATET

Kystverket

Fiskeridirektoratet

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

ALVER KOMMUNE



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 uker fra den dagen vedtaket kom frem til deg. Hvis vedtaket ikke har kommet frem til deg, starter fristen å løpe fra den dagen du fikk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkelig at du postlegger klagen før fristen løper ut. Klagen kan ikke behandles dersom det har gått mer enn 1 år siden NVE fattet vedtaket
Du kan få begrunnelsen for vedtaket	Hvis du har fått et vedtak uten begrunnelse, kan du be NVE om å få en begrunnelse. Du må be om begrunnelsen før klagefristen løper ut.
Hva skal med i klagen?	Klagen bør være skriftlig. I klagen må du: • Skrive hvilket vedtak du klager på. • Skrive hvilket resultat du ønsker. • Opplyse om du klager innenfor fristen. • Undertegne klagen. Hvis du bruker en fullmektig, kan fullmektigen undertegne klagen. I tillegg bør du begrunne klagen. Dette betyr at du bør forklare hvorfor du mener vedtaket er feil.
Du kan få se dokumentene i saken	Du har rett til å se dokumentene i saken, med mindre dokumentene er unntatt offentlighet. Du kan henvende deg til NVE for å få innsyn i saken.
Vilkår for å gå til domstolene	Hvis du mener vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan bare gå til søksmål dersom du har klaget på NVEs vedtak, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordnet forvaltningsorgan. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 måneder siden du sendte klagen, og det ikke skyldes forsømmelse fra din side at klagen ikke er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrer vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekket vesentlige og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innen 3 uker etter at klagevedtaket kom frem til deg.
Hvem kan klage på vedtaket?	Hvis du er part i saken, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket hvis du har rettslig klageinteresse i saken.
Hvor skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende den til NVE. NVEs -epostadresse er nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endres. Dersom NVE ikke endrer vedtaket, vil vi sende klagen til ED.

Denne forklaringen er basert på forvaltningslovens regler i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.